



No er det slutt på jula også i Uskedalen! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tjuandedagen, 13. januar, er etter norsk folkeleg tidsrekning den siste dagen i jula. Då sopa dei jula ut med bjørkekvistar og tok merke for veret om våren. Dagen vert forsterka fordi den og fell saman med minnedagen for Sankt Knut

Difor snakkar vi om: Tjugande Knut jagar joli ut (Kvinnherskringlo) og Sante Knut jagar jula ut (Olav Bø: Høgtider og minnedagar)

Kven var St. Knut ?

Hertug Knud Lavard i Danmark vart drepen ved svik 7. januar 1131 og kanonisert i 1169. Namnet hans gjer seg sterkt gjeldande i den nordiske tradisjonen fordi minnedagen hans er den same som vår tjuandedag. Namnet hans var dertil enkelt å bruka som rimord i lokale ordtak.

St. Knut kom utkledd som ein gut, gjerne som leiar for ein utkledd flokk av bornog ungdom. Juleslutt vart markert ved at flokken kom med limar og feia jula bort.

Dei gjekk rundt i alle rom og krokar og feia for seg frå gard til gard. Dette skjedde 13. dagen, men og på 20. dagen.

Vi må og ta med at i dei eldre kristenrettane har den siste delen av jula to datofesta messedagar, trettendagen og tjugendagen. Den siste vart rett nok ikkje rekna som arbeidsfri dag, men det var messe- og merkedag. Tjuandedagen har ein svakare posisjon i vår tradisjon enn trettendagen (den gamle jula).

For mange er likevel dagen ein merkedag for at no er det slutt på jula og at vi et opp restane av det vi har att av julemat.

Av Kristian Olav Bringedal